



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 12.10.2017  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Prosjektleder
Ann Kristin Langeland	Rådmann i Hornindal
Asbjørn Moltudal	Ass. Rådmann i Volda

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 21/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 22/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 23/17	<b>Plan/tiltak for ekstern kulturbygging nye Volda kommune.</b>
PS 24/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 13/17	<b>Prosesen med hovudstruktur for den administrative organiseringa</b>
OS 14/17	<b>Næringsutvikling</b>
OS 15/17	<b>Notat om regionbygging - til fellesnemnda for Volda Hornindal</b>
OS 16/17	<b>Møte med fylkesmennene 29. september</b>
OS 17/17	<b>Bussruter</b>
OS 18/17	<b>Revidert prosjektbeskriving Hornindal-Volda etter dei siste vedtaka -15.09.17</b>

## **PS 21/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Det var ingen merknadar.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 22/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad med merknad om at følgjande setning burde ha vore med vedtaket i sak PS 12/17: «Kommunane utarbeidar oversikt over årsverkkrammene i Hornindal og Volda kommune, der denne oversikta syner aldersfordelinga i dei to kommunane.»

Leiar for Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, samtykte til merknaden. Setninga er no lagt inn i oppdatert protokoll frå møtet i Fellesnemnda 14.09.2017.

### **Røysting:**

Protokollen frå førre møte samrøystes godkjent med tillegget frå Odd A. Folkestad.

## **PS 23/17 Plan/tiltak for ekstern kulturbygging nye Volda kommune.**

### **Administrasjonen si tilråding:**

Med bakgrunn i "plan for ekstern kulturbygging – bygging av samhold og identitet" vedtek Fellesnemnda å sette ned temagruppe for å utarbeide framlegg til meir detaljert plan og tiltak for gjennomføring. Gruppa vert også beden om å kome med framlegg om evt. administrativ ressurs og budsjett til føremålet/tiltaka.

### **Temagruppa vert samansett slik:**

	<b>Namn</b>
1	Odd Harald Sundal, leiar
2	Frivillighetsentral Volda
3	Frivillighetsentral Hornindal
4	Ungdomsrepresentant Volda
5	Resursperson Hornindal

**Odd Harald Sundal, leiar kallar gruppa saman. Frist for framlegget vert sett til 01.02.2018**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Administrasjonens tilråding samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 12.10.2017**

*Med bakgrunn i "plan for ekstern kulturbygging – bygging av samhald og identitet" vedtek Fellesnemnda å sette ned temagruppe for å utarbeide framlegg til meir detaljert plan og tiltak for gjennomføring. Grappa vert også beden om å kome med framlegg om evt. administrativ ressurs og budsjett til føremålet/tiltaka.*

*Temagruppa vert samansett slik:*

	<i>Namn</i>
1	<i>Odd Harald Sundal, leiar</i>
2	<i>Frivillighetsentral Volda</i>
3	<i>Frivillighetsentral Hornindal</i>
4	<i>Ungdomsrepresentant Volda</i>
5	<i>Resursperson Hornindal</i>

*Odd Harald Sundal, leiar kallar grappa saman. Frist for framlegget vert sett til 01.02.2018*

### **PS 24/17 Orienteringssaker**

#### **OS 13/17 Prosessen med hovudstruktur for den administrative organiseringa**

##### **Handsaming:**

Prosjektleiar Rune Sjurgard presenterte korleis det vil bli jobba framover for å danne ein ny hovudstruktur for den administrative organiseringa. Ifølgje tidsplanen skal ny administrativ organisering vere på plass innan 20. mars 2018.

Prosjektleiaren la vekt på at sjølv om det er han som offisielt skal vedta ny administrativ organisering er han oppteken av ein god dialog med Fellesnemnda.

#### **OS 14/17 Næringsutvikling**

##### **Handsaming:**

Else Ragni Yttredal la fram ein presentasjon av prosjektet «Ny næring på gamle tufter», som tek utgangspunkt i næringslivet i dei to kommunane. Ifølgje presentasjonen har prosjektgruppa no (delvis) fått oversikt over aktørar og aktivitetar i dei to kommunane, og sett på kva moglegheiter og utfordringar som «nye» Volda kommune har innanfor næringsliv. Fellesnemnda tek presentasjonen til vitande. Leiar for Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, la til at ein må vere vel vitande om at dette er eit stort stykke arbeid som ikkje gjer seg sjølv.

## **OS 15/17 Notat om regionbygging - til fellesnemnda for Volda Hornindal**

### **Handsaming:**

Prosjektleiari Rune Sjørgard orienterte om at Nye Volda vil geografisk liggje i grenseområdet til Nordfjord og ulike delar av Sunnmøre. Dette kan opne opp for nye typar samarbeid med nye grenser. Sjørgard la derfor vekt på at det er viktig å bygge gode alliansar, der ein ikkje berre ser seg anten hit eller dit – men kanskje begge vegar.

## **OS 16/17 Møte med fylkesmennene 29. september**

### **Handsaming:**

Rådmennene og ordførarane i Hornindal og Volda møtte fylkesmennene i både Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 29. september. Inntrykket var at dette var eit konstruktivt møte, der dei to fylkesmennene ønskjer å finne gode løysingar for at prosessen skal gå så smidig som mogeleg. Spesielt tilsyn i oppvekst kan vere ei utfordring, men fylkesmennene var innstilte på å vere så fleksible som mogeleg innanfor regelverket.

## **OS 17/17 Bussruter**

### **Handsaming:**

Stig Olav Lødemel orienterte kort om status rundt bussamband mellom Volda og Grodås. Det er enno ikkje avklart noko rundt dette.

## **OS 18/17 Revidert prosjektbeskriving Hornindal-Volda etter dei siste vedtaka -15.09.17**

### **Handsaming:**

Ein oppdatert prosjektplan etter dei siste vedtaka. Assisterande rådmann i Volda, Asbjørn Moltudal, opplyste om at han tek sikte på å leggje til ein revidert plan i Fellesnemnd-møta etter kvart som relevante vedtak blir fatta.